

For lettvingt testing av matallergi

– Mange får påvist diagnosen matallergi berre gjennom ein positiv prikktest. Men ein slik test seier ingenting om klinisk sjukdom, seier overlege Ragnhild Halvorsen ved Voksentoppen senter for astma og allergi.

– Det er vanskeleg å påvise matreaksjonar, og prikktestar må kombinerast med forsøk der ein fjernar og tilset på nytt dei matvarene det blir testa for, seier Halvorsen.

Undersøkingar har vist at heile 25 prosent av det norske folket trur at dei reagerer på ei eller fleire matvarer. Ei svært uheldig side ved lettvingt og feilaktig diagnostisering er at mange lever unødig på diett som krev store ressursar både i tid og pengar. Samtidig aukar risikoen for feil- og underernæring. Dette er særleg alvorleg for barn, påpeikar Halvorsen. (NPK)

Nærleiken til butikken er viktigast

Norske forbrukarar er meir opptekne av at butikken ligg nær bustaden enn at vareutvalet er så stort. Seniorforskar Randi Lavik ved Statens Institutt for bruksforskning meiner årsaka er at norske forbrukarar er nokså konservative og har aldri vorte vane med det heilt store vareutvalet.

Ho viser til ei Gallup-undersøking som syner at fleirtalet, 57 prosent, svara at dei legg svært stor vekt på at butikken ligg nær bustaden når dei skal handle inn daglegvarer. Først på femteplass kjem stort utval. God kvalitet, god kundebehandling og eit godt utval av frukt og grønt var viktigare enn stort vareutval, viser undersøkinga, som omfatta 10.000 forbrukarar.

– Det norske handlemønsteret er prega av rutine, og folk handlar dei produkta dei er vane med, seier Lavik til Aftenposten. Men ho trur at dette gradvis kjem til å endre seg i retning av større krav til vareutval. (NPK).

Klart nei til vindmøller

Folket i Giske på Sunnmøre vil ikkje ha vindmøller utanfor kysten sin. Nesten 75 prosent stemde nei til dei planlagde vindmøllene i ei folkerøysting der 52 prosent av dei 4.900 røysteføre hadde møtt fram.

Ordførar Knut Støbakk konkluderer med at røystinga er så ein tydig at ingen kjem til å diskutere denne saka meir. Kommunestyret kjem til å gje eit klart råd til NVE om å seia nei til konsesjonsøknaden frå vindmøllereselskapet Havgul. Men meininga i Havgul er at NVE ikkje bør leggja avgjerande vekt på folkerøystinga, og har førebels ikkje tankar om å endre planane sine om vindmøller i Giske. (NPK)

Melder DN til politiet og varslar sivil ulydnad



Breim vilt- og fiskelag vil melde DN til politiet for miljøkriminalitet. Årsaka er at det ikkje vert gjeve løyve til å felle oter i Breimsvatnet. Det vil øydelegge storaurestammen, meiner Ola Bergheim.

Styret i Breim vilt- og fiskelag har vedteke å politimelde Direktoratet for Naturforvaltning (DN) for miljøkriminalitet. Styret meiner nektinga av fellingsløyve for oter set storaurestammen i Breimsvassdraget i fare og varslar sivil ulydnad.

F.T.: Jan Nik. Hansen

Leiar i Breim vilt- og fiskelag, vassdragssona, Ola Bergheim, har dei siste tre månadene brukt mykje tid til å setje seg inn i problematikken knytt til oter i elvar og vassdrag. Han har utarbeidd eit over 40 sider skriv der han drøftar ulike sider knytt til rovdyrforvaltninga generelt og oter spesielt. Den klare konklusjonen er at dagens ordning ikkje held vatt.

Styremøte

Søndag vedtok styret i Breim vilt- og fiskelag å politimelde DN for miljøkriminalitet. Bakgrunnen er at Vilt- og fiskelaget har eit årsmøtevedtak på å søkje om fem oterløyve, men søknaden har lege på vent.

– Vi ville vente til vi såg resultatet på søknaden til grunneigarlaga i Gloppenelva. Dei søkte om ti fellingsløyve på oter, fortel Ola Bergheim. Utløpet av Breimsvatnet er det einaste sikre gyteområdet for storauren. Innvilga fellingsløyve

for ville innvirke på kor mange løyve Breim vilt- og fiskelag søkte om.

Men på grunnlag av klage frå Noah oppheva DN dei to fellingsløyva i Gloppenelva som fylkesmannen hadde innvilga elveigarlaga for 2006. Ikkje nok med det; DN oppheva også løyvet som var gjeve i 2005.

Innskjerping

Bergheim viser til at DN har uttalt at vedtaket er å sjå på som eit prinsippvedtak om å innskjerpe løyvepraksis for heile landet og ikkje berre i vårt fylke.

– For å berge storaurestammen er vi tvinga til å politimelde DN. Gyte- og oppvekstområda for storauren i Breimsvatnet har nasjonal verneverdi på linje med nasjonale laksevassdrag, seier Ola Bergheim og viser til at også storauren er sett på som ein truga art.

– Det har ikkje DN teke omsyn til i det heile. Vi har lagt ned mykje arbeid og har brukt over 1 mill. kr på utfisking og andre tiltak for å betre tilhøva for både nærings- og sportsfiske dei siste 10 åra. Vi krev at vedtaket om å nekte fellingsløyve i Gloppenelva blir kjent rettsleg ugyldig, eller at overordna politiske organ grip inn, seier Bergheim.

Sivil ulydnad

– Det spesielle med storauren er at han beitlar på røyr. I 1995 - 1996

fiska vi ut 21 tonn røyr for å få balanse mellom storaure og røyr. Det var vi i ferd med å lukkast med. Derfor aksepterer vi ikkje at DN let oteren får kome og ete det han lystar, seier Bergheim som meiner DN manglar eit kvalitetssikringssystem som drøftar slike ting.

Gytetida for storauren er november/desember. Vilt- og fiskelaget reknar med at denne saka treng mykje lenger tid på ei rettsleg avklaring eller politisk handsaming.

– Vi vil derfor ty til sivil ulydnad dersom ikkje DN sitt vedtak er oppheva før november, seier Bergheim. Med bakgrunn i naudverjetretten meiner han dei kan verne storauren mot oter i gyteområdet med både skytevåpen og oterfeller.

Rikeleg oter

– Treng ikkje oteren vern lenger?

– Jau, men spørsmålet er kor strengt det skal vere. Forsking har vist ein auke i bestanden på 20-22 prosent sidan 1987, d.v.s. ei doubling kvart tredje år. Over 20 år blir det ein stor bestand. Truleg er det meir oter på våre kantar no enn rundt 1900, kanskje fleire hundre, seier Bergheim. Han meiner forvaltningspolitikken er uklar på dette området og tek til orde for ei todelte forvaltning av oterbestanden etter same mal som for rovviltforliket i Stortinget i 2004. Det vil m.a. bety at det vert nedfelt klare bestandsmål for oter.

– Erfaringane frå USA, der oteren vart freda på same tid som hos

oss, viser at det er sterkt nødvendig å gå over frå freding til forvaltning med fangst i område der oteren er i særleg rask vekst. Som strakstiltak ber vi om at storaurevatn med sine gyte- og oppvekstvasdrag vert erklært oterfrie, seier Ola Bergheim.

Ny avtale med Kina viktig for norsk næringsliv

Det skal bli enklare for norske bedrifter å investera i Kina. Noreg og Kina underteikna i dag ein avtale om å oppretta ei arbeidsgruppe for å fremje investeringar. Arbeidsgruppa vil vera viktig for norsk næringsliv med aktivitetar i Kina og norske bedrifter som ønskjer å gå inn i den kinesiske marknaden.

Avtalen vart underteikna i samband med at den kinesiske handelsministeren Bo Xilai er på besøk i Noreg.

Om lag 200 norske bedrifter har i dag aktivitetar i Kina, og Kina er Noregs største handelspartner i Asia. Første halvår 2006 var eksporten til Kina på over 7 milliardar kroner. Det er ein auke på 200 prosent i høve til første halvår 2005. Dei viktigaste eksportvarene til Kina er olje, fisk, maskiner, organiske kjemikalier, medisinske instrument, nikkel og aluminium. (NPK)